



ALLTID BEREDT

Referat frå styremøte i Ryvarden krets av NSF

Tid:	Sundag 28. april 2019 kl. 12:00
Stad:	Lier
Tilstades:	Anna Tveit, Julia R. Turkerud, Espen Sørensen,
Frå adm.:	Hildegunn L. Fjelland
Andre:	
Forfall:	Irmelin L. Midtskog, Marius Johannessen, Sylvia Thör (vara), Jakob Ares Løve (vara) Magnus M. Aronsen (vara),
Referent:	Hildegunn L. Fjelland

Kretsleiar leia styremøte.

Saksliste

RK-sak 19/2019	Godkjenning av innkalling og saksliste
RK-sak 20/2019	Godkjenning av referat frå styremøte 23. februar 2019
RK-sak 21/2019	Støtte til roveraktivitetar
RK-sak 22/2019	Godtgjersle for heimekontor
RK-sak 23/2019	Statusrapport, kretskonkurransen
RK-sak 24/2019	Økonomirapport
	Eventuelt

RK-sak 19/2019: Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling kom ein dag for seint og utan økonomirapport. E-posten havna i søppelposten.

VEDTAK: Alle i kretsstyret må sjekke at e-postar frå kretssekretær havnar i innboksen. Innkalling og saksliste vert godkjent med merknad om at innkallinga vart sendt ut mindre enn ei veke før møtet.

RK-sak 20/2019: Godkjenning av referat frå styremøte 23. februar 2019

Ingen merknader til referatet.

VEDTAK: Referatet frå styremøtet 23. februar 2019 vert godkjent..

RK-sak 21/2019: Støtte til roveraktivitetar

Vedtak frå årsmøtet:

Kretstinget vedtar å opprette en økonomisk støtteordning for de av kretsens medlemmer som er i roveralder og som deltar på nasjonale speiderarrangement unntatt leirer. Det opprettes to årlige søknadsfrister der inntil halvparten av de avsatte midlene disponeres i første søknadsomgang, og resten av midlene i andre søknadsomgang. Ingen person kan få dekket mer enn halvparten av kostnadene knyttet til reise og deltakelse, og regelverket må ellers utformes slik at det blir en jevn og rettferdig fordeling mellom søkerne. Størrelsen på det årlige beløpet som settes av til støtteordningen vedtas i kretsens budsjett. Det forventes at de som får innvilget støtte bidrar aktivt, enten lokalt i gruppa eller i kretsen. Kretstinget ber Kretsstyret i samråd med Roverutvalget om å utarbeide og vedta detaljert regelverk for beregning og avgrensing av støtte innenfor de rammene som er gitt her. I samråd med Roverutvalget, legger Kretsstyret frem evaluering av ordningen som sak på Kretstingets årsmøte 2021. Vedtaket var enstemmig.

I budsjettet for 2019 er det satt av 15 000kr til støtte til roveraktivitetar. Det blir 7500kr å dele ut kvart halvår. Resterande midlar vert overført til andre søknadsomgang. Dersom mogleg får alle søkarar dekkja 50% av utgiftene. Dersom det er mange søkarar går me ned til høgst mogleg prosentandel av utgiftene. (45%, 40%, 35% osv). Midlane betalast ut på etterskudd på ein bestemt dato. Utgiftene må dokumenterast med kvitteringar. Deltakarane må reise på den billigaste og mest miljøvennlege måten. Samstundes må deltakaren vurdere heilheita og balansen mellom kostnadar, tilgjengelighet, tidsbruk og andre praktiske omsyn.

VEDTAK: Søknadsfristen vert 15. mai for vårsemesteret og 15. november for haustsemesteret. Utbetaling blir 15. neste månad. Søknadane vert godkjent av kretsstyret per e-post.

RK-sak 22/2019: Godtgjersle for heimekontor

Det er foreslått å auka godtgjersla for heimekontor for kretssekretær frå 250kr/mnd til 350kr/mnd. (frå 3000kr til 4200kr per år).

Kretsstyret har ingen innvendingar.

VEDTAK: Kretsstyret gjer vedtak om å endre pkt. 1.1. i "Reglement for godtgjørelser i Ryvarden krets". Godtgjersla vert auka frå 250kr/mnd til 350kr/mnd.

RK-sak 23/2019: Statusrapport, kretskonkurransen

Kretskonkurransen blei avholdt på Lier 5-7 april 2019

21 patruljar påmeldt i speidarkonkurransen. 1 som trakk seg

16 småspeidarkull påmeldt, 1 som trakk seg

Resultat speidarkonkurransen:

1. Førde rev
 2. Førde ørn
 3. Åkra elg
- Beste stifinner: Meling oter
Også til NM: Åkra bever, Vea elgane (km)

Resultat småspeider:

1. Meling gult
2. Meling grønt
3. Førde rødkløver

Kurs 22-24 mars:

Leiarkurs trinn 2:

6 deltakrar

Peff 1:

13 deltakrar

Anna og Marius var på kl-ks 22-24 mars.

VEDTAK: Styret tar statusrapporten til orientering.

RK-sak 24/2019: Økonomirapport

Det er brukt 11.764kr til innkjøp av urinalar under «6610 innkjøp av varige driftsmider».

VEDTAK: Økonomirapport per 31.02.19 vert godkjent

Eventuelt

- Hildegunn må sende ut info om søknadsfrist for roverstøtte. Eventuelle søknadar blir behandla av kresstyret på e-post.
- Røvertur 31. mai-2. juni? Hildegunn spør Irmelin om dei har planlagt noko. Evt. må info om det sendast ut.
- Neste møte blir i august-september. Hildegunn finn ut kva tid som passar.